

Corinne Silden Stephensen  
Jacob Aalls Gate 44 B  
0364 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/975 - 21/7524

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
02.02.2021

## Mangelfull bestilling av førehandskonferanse - gbnr 215/34 Eidsnes ytre

Tiltak: førehandskonferanse  
Byggjestad: Gbnr: 215/34  
Tiltakshavar: Corinne Silden Stephensen

Viser til bestilling av førehandskonferanse for gbnr 215/34 mottatt 01.02.2021.  
Sidan det er litt problematisk med fysiske møte for tida, vil eg tilby dykk, som alternativ, ei skriftleg rettleiing om søknadsprosessen, med anledning til å komma med tilleggsopplysningar og -spørsmål. Håpar det går bra?

Eg vil bruka standardmalen for referat frå førehandskonferanse og svara på dei spørsmåla de har sendt/sender inn.

Førespurnaden om førehandskonferanse inneholder ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekome førespurnaden.

De skriv «tilbygg» og «garasje» i skjemaet, og det er alt de opplyser om, utanom namn og adresser. I tillegg har de sendt inn eit ferskt kart over eigedommen – ingen opplysningar og Ingen teikningar eller fotografi.

Det eg har greidd å finna ut er at det er godkjent søknad om garasje på eigedommen for nokre år sidan, og at de har fått tilsendt godkjente teikningar frå oss tidlegare.

For at vi skal kunna rettleia dykk om saksbehandling må de senda inn vedlegg og opplysningar om endringar som de vil söka godkjenning av. Dokumentasjon må sendast inn uavhengig om dokumenta finst frå før i våre arkiv.

De må sende inn følgjande dokumentasjon før vi kan hjelpe dykk:

Føremålet med ein førehandskonferanse er å avklare og diskutere føresetnadane for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen skal sikre at du får den informasjonen du treng tidleg i planlegginga av byggeprosjektet.

Førehandskonferansen er å sjå på som ei gjensidig orientering om eit tiltak og er ikkje rettsleg bindande i høve vidare saksgang. Vi går ikkje gjennom søknaden din i møtet.

Det er viktig at du sender inn nødvendig informasjon om tiltaket i forkant av møtet, slik at kommunen kan få tilstrekkeleg kunnskap om tiltaket som er planlagt.

For at du skal få størst mogleg utbytte av møtet ber vi om at følgjande informasjon vert lagt ved førespurnaden:

- kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- kor stort du skal byggje: høgd, breidd, areal
- kva du skal bruke byggverket til
- informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- spørsmåla du ønsker svar på i møtet

[Trykk her for å bestille førehandskonferanse.](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **03.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka avslutta utan vidare behandling.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Corinne Silden Stephensen

Jacob Aalls Gate 44 B

0364 OSLO